

Bystøl AS
Bergsliplassen 2
5700 Voss

Samnanger Kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse
e-post: postmottak@samnanger.kommune.no

Vår dato: 23.09.2019

Søknad om dispensasjon frå kommunens arealplan ved bygging av Jarlshaug Kraftverk i Samnanger kommune.

NVE har i medhald av Vannressursloven §8 gjeve løyve til å byggja Jarlshaug kraftverk, NVE ref. 201000880-41. Tiltaket er lokalisert ved Jarland, Tysse, i Samnanger kommune. Kraftverket er under planlegging og skal utnytta fallet i Jarlandselva frå inntak på kote 262 (HRV) ned til kraftstasjon på kote ca. 47. Vedlagt situasjonsplan syner detaljar for prosjektet. Bystøl AS er utbygger sin rådgjevar og har ansvaret for prosjektering av tiltaket.

Tiltakshavar er: Jarlshaug Kraft AS (eigd av SKL AS og Fusa Kraftlag).

Prosjektet omfattar ny inntakskonstruksjon og dam, nedgrave trykkroyr i heile lengda (ca.1140m) ned til kraftstasjon. Det vil verta bygd permanent veg til inntak med avkøyrsløse frå eksisterande privat veg på nordsida av inntak. Lengde ca. 120m. I tillegg vert det bygd ny veg/avkøyrsløse frå eksisterande privat veg til parkeringsplass ved kraftstasjon, lengde her er ca. 20m. Kraftverket vil bli bygd innanfor rammene gjeve i konsesjon, med NVE som myndighet. Før bygging skal rørgata og vegtraseen til stasjon ryddast for vegetasjon.

I gjeldande arealplan er området definert som «LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag». Henta ut frå karttjenesta på www.kommunekart.com. Det vert herved søkt om dispensasjon frå kommunens arealdel for bygging av dette tiltaket.

Forskrift om sakshandsaming og kontroll i byggesaker gjev saker som er underlagt konsesjonshandsaming etter Vannressurslova fritak frå byggesakshandsaming etter Plan- og Bygningslova. Dette forutset at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanens arealdel eller gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar.

Søknaden gjeld at det i medhald av § 19-2 i plan og bygningslov og at det vert gjeve dispensasjon frå arealdel i kommuneplan, jf. § 11-5, 11-6 og 11-7 i PBL.

Detaljerte planar for landskapsmessige tilhøve og teknisk sikkerheit for trykkroyr og dam skal føreleggast NVE og godkjennast før byggstart. Detaljar i prosjektet, som utforming av inntak og

kraftstasjon, støydemping og miljøtilpassinga av kraftstasjon med meir, vil bli etterprøvd i slike planar.

Med venleg helsing
Bystøl AS

v/ Øystein Bryn
e-post: oystein@bystol.no
Tlf: 997 05 631

Kopi: SKL AS v/Ingar Lillefosse (ingar.lillefosse@skl.as)

Vedlegg:

- 1) Situasjonsplan, teikning nr. 100
- 2) Arealbruksplan, teikning 105
- 3) Oversiktskart
- 4) NVE Vedtak
- 5) NVE Bakgrunn for vedtak (NVE konklusjon s.24)